

# Evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

Hei, no er du på eit EPS. EPS er ein stad der du skal få naudsynt hjelp, enten du er ein av dei som er ramma/evakuert, eller pårørande.

Om du ikkje allereie har vorte registrert når du kom hit og fått eit akkrediteringskort (registreringskort/nummer), må du oppsøkje nokon med vest eller uniform som kan hjelpe deg med dette. Dette er viktig for at vi skal kunne hjelpe deg på ein god måte.

## Vi vil gjer det vi kan for å hjelpe deg med:

### Naudsynte helsetenester:

- Ein enkel helsesjekk
- Behandling av mindre, fysiske skader
- Transport til sjukehus, om det viser seg at du har større fysiske skader

### Psykososial omsorg og støtte:

- Hjelp til å arbeide med opplevingar og kjensler
- Samtaler med fagpersonell frå kriseteam
- Råd og rettleiing om vidare oppfølging



## Kven er «vi»?

Vi er eit EPS-team, som er samansatt av:

- Personell frå politiet
- Personell frå ein eller fleire kommuner
- Kriseteam bestående av personell med tverrfagleg kompetanse for å hjelpe deg
- Personell frå andre organisasjonar som er med på å hjelpe og støtte deg og oss
- Personell tilknytta lokalet du no er i

Vi har anten på oss uniform eller vester, slik at du lett kan sjå oss.

### Gjenforeining med dei som står deg nære:

- Hjelp til å få kontakt med dine, om mogleg
- Om når og korleis gjenforeining vil hende
- Hjelp til med sjølve gjenforeininga

### Informasjon frå politiet og kommunen:

- Om hendinga og kva som har skjedd
- Kva som skjer vidare
- Vi vil gje informasjon regelmessig

### Forpleiing:

- Mat og drikke
- Moglegheit for kvile, og overnatting om naudsynt

## Nokre gode råd til deg medan du er her:

- Forsøk å ta det med ro og slapp av, du er trygg her.
- Ta kontakt med personellet om du akutt treng hjelp.
- Ta kontakt med politiet om du har informasjon om hendinga og råka personer.
- Lytt til den informasjonen som vert gjeve, og følg EPS-teamet sine tilvisingar.
- Les skriftleg informasjon som leggst ut.
- Ver merksam på at det ikkje er sikkert at informasjon du får gjennom sosiale medier er sann.
- Ha alltid akkrediteringskortet synleg på deg.
- Pass på at du vert registrert kvar gang du går ut/inn av EPS, og når du reiser frå EPS.
- Det er ikkje lov til å ta bilder eller filme/lydopptak på EPS.